



Saksframlegg

Saksnr:	Utval:	Dato
	Fellesnemnd	
Sakshandsamar:	Lindås kommune	Ørjan Raknes Forthun
	Arkivnr.: 17/1868	Klassering:

Rapport frå Kulturkomitéen om planlagte tiltak i 2018 - Markering av «Korpsenes år»

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Saka vert teke til orientering.

Saksopplysningar:

Saka skal avgjerast i fellesnemnda

Bakgrunn

I mandatet for det politiske hovudprosjektet «identitet, symbol og felles kultur» er eit av resultatmåla:

«Operasjonalisere kommunikasjonsplanens målsettingar for kulturelle og identitetsskapande tiltak for innbyggjarane. (Når kommunikasjonsplanen er vedteken våren 2018)».

Det er behov for å starte med kulturelle og identitetsskapande tiltak før kommunikasjonsplanen er vedteken. I Fellesnemnda 15.01.18 blei det sett ned ein kulturkomité med følgjande mandat:

- Fellesnemnda set ned ein kulturkomité bestående av ordførarar og kulturmedarbeidarar i Radøy, Meland og Lindås samt informasjonskonsulent i Lindås kommune.
- Komiteen skal arbeide innanfor rammene gitt i mandat for «Identitet, symbol og felles kultur» og «Kommunikasjon».
- Komiteen arbeidar i første omgang fram til kommunikasjonsstrategien er vedteken. Ut i frå konklusjonane i kommunikasjonsstrategien kan komiteen sin virketid bli forlenga.
- Komiteen rapporterer til fellesnemnda om planlagde og gjennomførte tiltak.
- Komiteen sitt arbeid vert ikkje organisert som eit prosjekt.
- Fellesnemnda ber kulturkomiteen om å legge fram ein sak om korpsenes år i samarbeid med programleiinga til neste møte i fellesnemnda. Saka skal sjå på korleis dei tre kommunane kan samarbeide om korpsenes år for å støtte opp om arbeidet med å bygge Alver kommune.

Saksutgreiing

Kulturkomiteen hadde møte 14. februar. I møtet vart det diskutert korleis kulturkomiteen bør følgje opp bestillinga frå fellesnemnda. Komiteen meiner ein bør dela arbeidet i tre fasar :

Fase 1

I bestilliga frå fellesnemnda vert det spesielt fokusert på korpsenes år, og komiteen vil leggje vekt på dette først.

- *Fellesnemnda ber kulturkomiteen om å legge fram ein sak om korpsenes år i samarbeid med programleiinga til neste møte i fellesnemnda. Saka skal sjå på korleis dei tre kommunane kan samarbeide om korpsenes år for å støtte opp om arbeidet med å bygge Alver kommune.*

Kulturmedarbeidarane planlegg eit felles møte for korpsa i dei tre kommunane og inviterer korpsa til møte der ein skapar engasjement og prøver å få til eit felles arrangement til hausten. Det er viktig at ein ikkje planlegg utan å involvere korpsa, men komiteen har nokre innspel til arrangement som kan diskuterast med korpsa:

- Korpsstafett – bruke FB eller andre media
- Fellesarrangement i samband med NM i Stavanger
- Oppstartsseminar for alle korps i Alver (Haust 2018)
- Faktahefte – verdens beste korpskommune

Fase 2

I fase to vil ein sjå på andre kulturaktivitetar som kan gjennomførast våren 2018 og tidleg på hausten 2018

Kulturmedarbeidarane vart i komiteen utfordra til å arbeide vidare ut i frå forslag dei ha sett opp.

- Kulturdagar i Radøy - er det mogleg å ha eit program ein dag som peikar fram mot Alver? Kulturskulegrupper frå kommunane til avslutningsarrangementet på kulturdagane i Radøy. Inviterer kulturskulerektorane til å vere med å lage eit opplegg for dette.
- På tur i Alver , 15 turar i Alver.
- YT-stafett – viktig for dei tilsette, skape eit engasjement – Stolt tilsett i Alver kommune
- Ungdområda vert oppmoda om å lage eit felles Alverarrangement i haust
- Felles Alver-arrangement under Kystsogevekenene.

Kven er viktigaste målgruppa no?

Tilsette – desse vil vere viktige ambassadørar frå Alver kommune

Fase 3

Fase 3 må sjåast opp mot mål og tiltak i kommunikasjonsstrategien. Det bør utarbeidast eit kulturprogram som går frå juni 2018 til juni 2020 som er knytta opp mot det som skjer i kommunane. Det må vere eit engasjement frå botn, styrt av lag og organisasjonar.

Det må avklarast kva lag og organisasjonane kan forvente av kommunane.

Det bør avhaldast eit felles møte med lag og organisasjonar – arrangement, med ein foredragsholder som trekke folk.

Kommunikasjon

Kommunikasjonsstrategien legg grunnlaget for det vidare arbeidet med kulturbygginga

Anna

Det vert ikkje lagt opp til fleire møte i komiteen, men om det er trong for det kallar kulturleiarane inn ordførarane til møte.

Ikkje vedlagte saksdokument:

Doknr	Type	Dato	Tittel på saksdokumentet
Doknr	Type	Dato	Tittel på journalpost